

Sundag er det soknemøte i kyrkja og då vert denne årsmeldinga presentert saman med rekneskap og statistikk:

ÅRSMELDING FOR USKEDAL SOKNERÅD 2013

Møter:

- Arbeidsutvalet (soknepresten, leiar- og nestleiar for soknerådet) har hatt 3 møter i vårhalvåret og 1 møte i hausthalvåret.
- Soknerådet har hatt 3 møter i vårhalvåret og 1 møte i hausthalvåret.
- På soknerådsmøte den 22.01.13, var også varamedlemene kalla inn.
- Der har vore 1 soknemøte (årsmøtet).
- Fellesrådet hadde 4møter i 2013.
- Jubileumsnemnda for100 års-jubileet har hatt 4 møter

Saker som soknerådet har handsama:

- Årsmelding og rekneskap.
- Gjennomgang av referat frå møter i Fellesrådet.
- Fordeling av offergåver.
- Oppnemning av kyrkjevertar til kvar gudsteneste.
- Drøfting og fordeling av oppgåver i høve ulike tilskipingar gjennom året.
- Jubileumsskriftet2014.
- Oppnemningav jubileumsnemd – 2014
- Utarbeideprogram for jubileet i 2014.
- Innspel /brev til Fellesrådet og møte med kyrkjeverjen, vedkomande maling av kyrkjautvendig og innvendig, maling av kyrkjegardsgjerdet, senkeapparat tilgravferder, spørsmål om stuing av tre på- og ved kyrkjegarden pga stortlauvfall som også er til belastning for båtane i båthamna.
- Godkjenning av halvårsplanen for gudstenester, andre halvår 2013.
- Trusopplæringsplanen for barn og unge, 0-18 år (ferdigstillast våren 2013. Berta Haugland, Rosendal, er leiar for dette arbeidet).
- Innstilling på ny sokneprest (ein søkar).
- Konfirmantjubileum– opplegg for dette.
- Saklista til soknerådet vert lagt ut på nettsida til Uskedalen.
- Ny salmebok

Tilskipingar;

- Vore med og skipa tårnagent-helg (laurdag og søndag) for 8- og 9 åringar.
- Organiserte Fasteaksjonen saman med konfirmantane og vaksne dugnadspersonar.
- Delteke på konfirmantgudstenesta (lystenning og rose til kvar konfirmant).
- Gudsteneste med kyrkjekaffi på Skorpo (inkl. organisering av båtskyss).
- Konfirmantjubileum for 50/51, 60/61 og70/71-års konfirmantar
- Julekonsert.

Skriftstyre; Uskedal Kyrkje 100 år i2014

Tormod Myklebust

Bjørgulv Eik

Hans Ordin Østebø

Kaare Skaala – bokskrivar

Den til einkvar tid sitjande leiar av soknerådet

Jubileumsnemnd for 100-års jubileet

Alle soknerådsmedlemene, samt Selma Eik,Bjørgulv Eik og Kristian Bringedal

Samansetjing av soknerådet i 2013 harvore:

Møyfrid Kristoffersen – leiar og varautsending til Fellesrådet

Ingunn Olsen – nestleiar, utsending til Fellesrådet

Gunnbjørg Stensletten Eik – kasserar

Reidar Myklebust – skrivar

Tormod Myklebust – medlem
Hans Reidar Kjærland - medlem
Ole Kristian With Due – sokneprest (tilvåren 2013)
Prostiprest Pål Dale, har delteke på nokre møte
Ove Myhre – 1.vara – møter fast

Uskedal sokneråd, 14.januar 2014

Møyfrid Kristoffersen
- leiar

Vedlegg:

- Revidert rekneskap for 2013
- Årsstatistikk for Uskedal sokn